



Camilla Myklebust spelar og syng saman med "Humlepungane" i Dønhaugkjedlaren tidlegare i år.

**23 oktober kjem Esther ut med debutplata "Esthers gesture". Ein av vokalistane i bandet er Camilla Myklebust frå Uskedalen. Laurdag hadde dei release-konsert på Høyden i Bergen med fullt hus og stormande jubel.**

- Det var så mykje folk at køen gjekk langt ut på gata, seier Camilla storfornøgd, til uskedalen.no.

Camilla har lenge hatt draumen om å bli popstjerne, og det heile starta då ho trefte ei som heitte Sara på kunstkulen. Dei starta saman prosjektet Esther. Og fekk med seg Endre på bass og batteristen Jan-Arve.

Etter det har det berre gått slag i slag. Og draumen om å bli artist gjekk i oppfyljing. For eit år sidan var dei i studio og spelte inn plata "Esthers Gesture", som kjem ut i butikkane måndag 23 oktober.

Det er mest popmusikk dei spelar, nokon kallar det også karusellmusikk. Release- konserten gjekk som smurt, og med fullt hus kunne vel ikkje Esther ynskje seg meir.

Camilla syns det er kjempe kjekt å halde konsertar, og håpar at ho snart kan ha ein konsert i Uskedalen.

- Det er heilt spesielt å kunne spela konsert i heimbygda si, seier Camilla blidt.

Du kan høyre smakebitar av plata på: <http://www11.nrk.no/urort/user/?id=3770>

Av Karoline Neset